



## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Monica Thomassen Waage og Hilde Koppen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen og Laila Byrkjeland Husa.

Kommunal representant: Elin Iren Øien Solbakk.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 01/24 – 04/24

F 01/24	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 14.12.2023</b>
Vedlegg	Møteboka frå 05.12.2023 Innkallinga til møtet 09.01.2024
Vedtak:	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

F 02/24	<b>ORIENTERINGAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Etablering av faste møtepunkt med kommunen.</b> Vi hadde møte med kommunedirektøren og den nye kommunalsjefen, Rolf Martin Raknes, 21. desember. Møtet kan vera startpunktet for eit godt og konstruktivt samarbeid med kommunen framover. <b>Nytt møte 25. januar.</b></li><li>• <b>Erfaringar så langt med kontor i kyrkja.</b> Det er ei utfordring å få opp temperaturen på kontora og toalettforholda er heller ikkje tilfredsstillande.</li></ul>

F 03/24	<b>TENESTEYTINGSAVTALEN - DRØFTINGSSAK</b>
Vedlegg: Gjeldande tenesteytings-avtale	<u>Bakgrunn:</u> Gjeldande tenesteytingsavtale mellom Fedje sokn og Fedje kommune, vart vedtatt i soknerådet 27. oktober 2020 og kommunestyret 10. desember 2020. Tenesteytingsavtalen er forankra i trussamfunnslova §



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

14 3. ledd: «*Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.*»

Andre ledd i § 14 regulerer dette med kommunens ansvar for å finansiera den lokale kyrkja etter framlegg frå soknerådet.

Då gjeldande tenesteytingsavtale vart inngått, hadde kommunen akkurat lagt til rette for at soknet fekk utført økonomi og rekneskapstenester frå Aider. Tidlegare vart dette handtert av kommunen. På det tidspunktet ønskte kommunen av ein eller annan grunn å halda fast på lønns og personelltenestene. Dette vart ganske snart endra, utan at tenesteytingsavtalen vart endra.

I gjeldande tenesteytingsavtale står det at kommunen legg til rette for eigna kontorlokalitetar, samt breidbands og teletenester.

Ved behov for større innkjøp, kan soknet gjera seg nytte av kommunens innkjøpsavtalar. Det ligg også inne i tenesteytingsavtalen at soknet kan gjera seg nytte av kommunen sine møterom.

Avtalen regulerer ansvarsdelinga mellom soknet og kommunen i forhold til vedlikehald og teknisk kompetanse/bistand. Dette gjeld i all hovudsak tiltak i og rundt kyrkja. Vedlikehaldsbehov vert med andre ord drøfta fortløpande med kommunen si tekniske avdeling. Som ein tommelfingerregel har soknet tatt ansvar for innvendige påkostningar i kyrkja og kommunen det utvendige vedlikehaldet. Soknerådet kan likevel fritt vedta utbetringar for eiga rekning, når ei ser at det er behov for dette. Eit døme på dette er rekkverket som vart montert utanfor inngangen til kyrkja i fjor.

Soknerådet skal no drøfta innhaldet i ein ny tenesteytingsavtale. Det er allereie fastsett eit nytt samarbeidsmøte med kommunen den 25. januar, der ny og justert tenesteytingsavtale vil vera tema.

Ny tenesteytingsavtale bør kunna innehalda nokre av dei samme elementa som allereie ligg i den gamle, men sjølvstøtt justerast for det som er nytt. No yter ikkje kommunen rekneskaps eller personelltenester i det heile – og det er dermed ikkje så aktuelt at dette vert nemnt i ein ny avtale. Kommunens økonomiske ansvar er uansett fastsett i § 14 2. ledd. Ein repetisjon av dette med rekneskaps og personelltenester synest difor å vera overflødig å nemna i ein ny avtale.

Kommunen sine tekniske tenester bør vidareførast i ein ny avtale, med om lag same ordlyd som no.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Vidare kan det vera greitt at ein ny tenesteytingsavtale seier noko om grensegangen i forhold til ansvaret for utføring av arbeid på gravplassane. Soknet er ifølgje gravplasslova § 1, den formelle eigaren av gravplassane. Soknet er gravplassmyndigheit. Det som ligg i dette er at soknet har ansvar for alt som går på organisering og gjennomføring av gravferdene, registrering og ajourføring av gravplassregisteret – inklusiv sletting av graver, oppfølging av festarane med innkrevjing av festeavgifter, samt drift av gravstell.</p> <p>Kommunen ved teknisk avdeling har ansvar for å opna grav etter tilvisning frå soknet. Kommunen hyrer inn lokal entrepenør for å utføra sjølve gravinga, samt slått og stell på gravplassane.</p> <p>Ein ting som ikkje er avklart er kven som har ansvar for anna oppfølging på gravplassane; til dømes rydding av boss og lauv som blir liggjande igjen. Dette bør drøftast i samband med at ein no inngår ein ny tenesteytingsavtale.</p> <p>Grensegangen på oppgåver mellom soknet og kommunen som omhandlar forvaltninga av gravplassane, bør med andre ord nedfellast i den nye tenesteytingsavtalen.</p> <p>Saka vert lagt fram for soknerådet til drøfting. Moment som kjem fram i soknerådsmøtet vert tatt med i samarbeidsmøtet med kommunen den 25. januar.</p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Ingen vedtak.</b></p> <p><b>Sagt i møtet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Rydding av boss og lauv - må på plass i tenesteytingsavtalen.</li><li>• Ved gravferd - informasjon om at det er pårørande sitt ansvar å fjerna kransar når dei måtte ønskje.</li><li>• Slått på gravplassane - for å unngå mykje gras oppetter gravminna og i bedet, kan ein gjerne slår rundt gravminnet sjølv. Det er ikkje ein lett oppgåve og slå utan at graset fyk. Oppslag om dette når det vårast. Innlegg i K&amp;H og?</li></ul>

F 04/24	<b>FASTSETJING AV MØTEGODTGJERSLE – ERSTATTA FØRRE SAK: S 19/23.</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Soknerådet gjorde 24.10.2023 eit vedtak i S sak 19/23 (skulle vore ei F-sak), om at møtegodtgjersla til soknerådsmedlemmene skulle følgja den sammes satsen som kommunestyremedlemmane fekk. Ut frå opplysningane vi då hadde, var denne godtgjersla på kr. 1.000,- for kvart møte. I etterkant viser det seg at kommunen har oppjustert sine satsar til kr. 2.000,- for kvart kommunestyremøte.</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>AU har drøfta dette og ønskjer å fremja forslag om at godtgjeringa for kvart soknerådsmøte skal liggja på kr. 1.000,- for kvart møte. AU er av den oppfatninga at ei dobling av godtgjeringa er ei altfor høg påplussing. AU argumenterer i tillegg med at eit kommunestyremøte vanlegvis er meir omfattande enn eit soknerådsmøte og har eit større omfang av sakspapir å setja seg inn i. Det er såleis ønskeleg at møtegodtgjersla for soknerådet sine medlemmer vert verande på kr. 1.000- for kvart oppmøte.</p> <p>Auken på godtgjeringa for leiar vert ståande som i førre vedtak – altså kr. 8.000-. Leiar får også godtgjort for kvart oppmøte i soknerådet.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje sokneråd fastset møtegodtgjersla for 2024 til kr. 1.000,- for kvart oppmøte for kvart medlem/varamedlem i soknerådet.</i></p> <p><i>Leiar godtgjeringa vert auka til kr. 8.000,- i året. Leiar får i tillegg møtegodtgjersle i tillegg til den årlege godtgjeringa. Møtegodtgjersla er oppe til vurdering ein gong i året i soknerådet. Dette vedtaket erstattar s-sak 19/2023 frå den 24. oktober 2023.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd fastset møtegodtgjersla for 2024 til kr. 1.000,- for kvart oppmøte for kvart medlem/varamedlem i soknerådet.</b></p> <p><b>Leiar godtgjeringa vert auka til kr. 8.000,- i året. Leiar får i tillegg møtegodtgjersle i tillegg til den årlege godtgjeringa. Møtegodtgjersla er oppe til vurdering ein gong i året i soknerådet. Dette vedtaket erstattar s-sak 19/2023 frå den 24. oktober 2023.</b></p>

## MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Monica Thomassen Waage og Hilde Koppen.

Ikkje møtt: Odd-Arild Torstensen og Laila Byrkjeland Husa.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Frå kyrjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 01/24 – S 05/24

S 01/24	<b>GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 05.12.2023</b>
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 05.12.2023 Innkallinga til møtet 09.01.24
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

S 02/24	<b>KYRKJEBASAREN OG ANDRE GÅVEINNTEKTER - FORMÅL</b>
	<p><u>Bakgrunn:</u> På AU sitt møte 14. desember i fjor, hadde vi invitert Anna Marit Storemark og Ingrid Nilsen, til å vera med i ein samtale rundt bruken av inntektene frå kyrkjebasaren. Av bundne fondsmidlar ligg det frå før av kr. 53.040,-. Dette er tidlegare innsamla midlar som endå ikkje er brukt. Kyrkjebasaren samla i 2023 inn kr. 49.000,-, i tillegg til at det kom inn kr. 15.000,-, som er ei dåpsgåve i samband med skipsdåpen til Fedjeferja. Akkurat denne summen er bundne opp til eit kyrkjeskipp. Det betyr at soknet har om lag kr. 117.000,- til disposisjon av bundne fondsmidlar.</p> <p>Basarpengar har tidlegare blitt brukt til blant anna fornying av lysekrunene, fornying av brudestolane og til eit spleiselag med kommunen om utbetringa av vegen opp frå parkeringsplassen til kyrkja.</p> <p>Ingrid og Anna Marit er ikkje framande for tanken om å bruka av basarinntekter til eit nytt spleiselag med kommunen om til dømes utbetring av toaletta i bårhuset. Dette er blitt meir aktuelt ved at soknet no har flytta sine kontor inn i kyrkja. Haken ved dette er at utbetring av toaletta i utgangspunktet er eit kommunalt ansvar å ordna opp i. Ein bør difor vera bevisst på kva for vurderingar som vert gjort om dette vert formålet som ein landar på. Om kommunen er seg bevisst sitt eige ansvar for dette, så vil eit spleiselag kunna vera aktuelt. Ingrid og Anna Marit ønskjer at soknerådet kjem opp med konkrete ønskje om formål til bruk av basarpengane.</p> <p>Kyrjekontoret har fått signal om ei mogeleg amerikagåve. Om dette viser seg å vera rett, kan det dreia seg om ein sum på pluss/minus kr. 50 000,-.</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Det er gitt føringar på at Fedjekyrkja bør ha eit kyrkjeskip. Det er allereie gitt ei gåve som er bunde opp til dette formålet. Om den bebuda amerikagåva viser seg å koma inn, så har AU allereie drøfta at det kan vera mogeleg at denne kan brukast til eit kyrkjeskip. Det kan vera aktuelt å gje eit slikt oppdrag til ein lokal kunstnar.</p> <p>Eit anna utsmykningsformål som vart nemnt, er ønskje om ei forseggjort framstilling av Kristuskransen. Kristuskransen har i mange år vore grunnlaget for innhaldet i konfirmantundervisninga.</p> <p>Soknerådet vert med dette invitert inn i drøftinga om bruken av basarinntektene og dei andre gåveinntektene, som vert vurderte som bundne inntekter.</p> <p>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Ingen vedtak.</b></p> <p><b>Sagt i møtet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kyrkjeskip; ønske om eit «lokalt» skip, Oddvar og Monica formulerer ein tekst som blir lagt ut på facebookside til kyrkja, og deles vidare på facebookside til Fedje kommune. Om det kjem respons på innlegget, utreder dei alternativa vidare.</li><li>• Resterende midler ønskes brukt til noko praktisk.</li></ul>

S 03/24	<p><b>KVARDAG OG HELG – INNSPEL TIL FORNYING AV BLADET</b></p> <p><u>Bakgrunn:</u></p> <p>Innhald og bruken av Kvardag og Helg var også oppe til drøfting i AU sitt siste møte før jul. Det er behov for ei drøfting av bladet sin funksjon og innhald. Kan bladet ta opp i seg meir lokalstoff? Kan bladet styrkja den folkekyrkjelege profilen? Kan bladet ta mål av seg til å binda Fedjesamfunnet tettare saman? Og det vil også vera eit behov for å drøfta korleis det redaksjonelle arbeidet kan utførast og kva som skal vera sekretæren si rolle oppi dette.</p> <p>Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet.</p>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Ingen vedtak.</b></p> <p><b>Avtalt i møte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Stine Waage blir soknerådets representant i redaksjonen.</li><li>• Kontakte KIM og Reklamehuset i Knarvik for pristilbod på trykk av K&amp;H.</li><li>• Kåre Berge tilbyr seg å bidra på det tekniske feltet.</li><li>• Ta opp att arbeidet med å få fleire annonsørar.</li></ul>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 04/23	<b>DUGNADSOPPGÅVER</b>
	<p>Det er eit ønskje om at medlemmar i soknerådet i tillegg til andre frivillige, kan vera med å løysa oppgåver som treng å løysast. Dette kan dreia seg om oppgåver som kyrkjevert, klokkar, tilrettelegging i samband med open kyrkje, hjelp til tillaging i samband med markering for 50 og 51 års konfirmantane, ringing med kyrkjeklokkene når ikkje Evy kan (gjeld ved dødsfall og høgtidsringing), juletreff osv. Soknerådet drøftar dette på neste møte. Ikkje framlegg til vedtak.</p>
	<p><b>Ingen vedtak.</b> <b>Avtalt i møte:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kyrkjevert - leiar og sekretær legg fram eit forslag på neste møte om kva oppgåver det er ønskje at kyrkjeverten skal ha.</li><li>• Juletreff i bedehuset - eit samarbeid med Fedje indremisjon om årlig juletreff, etter første gudsteneste i januar.</li><li>• Fasteaksjon 19. mars - spørsmål til Laila om hun kan ta ansvar for å organisere aktiviteten; med 3 konfirmantar treng me fleire frivillige, viktig at nokon disponerer sykkel eller bil.</li></ul>
S 05/23	<b>TID FOR EIGENPRESENTASJON AV SOKNERÅDET SINE MEDLEMMER</b>
	<p>AU ønskjer at soknerådet skal setja av tid til eigenpresentasjon. Seia litt om eigen bakgrunn og litt om forventningar til perioden som ligg framom.</p>
S 06/23	<b>EVENTUELT</b>
	<p><b>Møtemat?:</b> Leiar ønskja å lufte kva tankar medlemmane har til møtemat. Det vart avtalt at sekretær sender ut ei liste der ein deler på å ta ansvar for innkjøp via bedriftskortet, som er knytta til Matkroken.</p>